



Finansdepartementet

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/783 - 19/8214

Sakshandsamar:  
Karstein Totland  
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:  
20.12.2019

## Høyringsuttale kring kraftskatteutvalet NOU 2019:16 skattelegging av vasskraft

Det vert vist til Finansdepartementet sitt brev av 30.09.2019 der fristen for å kome med innspel til NOU 2019: 16 «Skattlegging av vasskraftverk» er sett til 1. januar 2020.

**Masfjorden kommune går sterkt imot utvalet sitt framlegg om å avvikle ordningane med konsesjonsavgift og konsesjonskraft, samt å endre eigedomsskatten.**

### KVA VIL FRAMLEGGET BETY FOR MASFJORDEN KOMMUNE?

Tal basert på avlagt 2018 rekneskap		m/kraftskatteutvalet for 2018 og uendra inntektssystem			
Konsesjonsavgifer:		2 835 983		Konsesjonsavgifer:	0
Naturressursskatt:	11 715 651			Naturressursskatt:	11 715 651
trekk inntektutjamning	-1 900 000	9 815 651		trekk inntektutjamning	-1 900 000 9 815 651
Konsesjonskraft:		12 953 893		Konsesjonskraft:	0
eigedomsskatt kraftverk & nett:		18 662 824		eigedomsskatt kraftverk & nett: *	1 500 000
utbytte		554 319		utbytte	554 319
sum kraftinntekter 2018:		<b>44 822 670</b>		sum kraftinntekter 2018:	<b>11 869 970</b>
* anslag				nedgang kraftinntekter:	32 952 700

Endring av eigedomsskatt er basert på anslag i tabellen over, Det samla tapet for kommunane er estimert til 1,530 milliardar kroner kvart år (NOU 16:19 s. 159), men det er ingen oversikt i utvalet sin rapport over kva tapet vert for kvar kommune. Vi kan ikkje anna enn å stipulere kva tapet vert, då kommunen ikkje kjenner den skattemessige verdien av anlegga.

Omlag  $\frac{3}{4}$  av kommunen sine kraftinntekter forsvinn basert på siste avlagde rekneskap (2018), medan tapet vert enno større om ein legg til grunn budsjett tal for 2019 og 2020 om utvalet sine forslag vert lagt grunn og gjennomført.

Utvalet har ikkje foreslått nokon form for kompensasjon til dei kommunar som vil tape store inntekter på utvalet sitt forslag, men viser fordelings spørsmål til departementet. Utvalet har likevel fremja at «I prinsippet bør alle skatte- og konsesjonsinntekter vurderast samla» (s. 158), og viser til inntektssystemet for

kommunane. Som eksempel på «(...) eit ytterpunkt for fordeling» viser utvalet til at ein auke av naturressursskatten frå 1,3 øre/KWh til 4,6 øre/KWh vil kompensere kommunesektoren for dei tap fullt ut. Kompensasjonen vil i så fall gjelde kommunesektoren i makro, og ikkje resultatet for den enkelte kommune, for tal berekna av KS tilseier at kommunen vil sitte at med om lag 17,9 mill.kr., og resten av noverande inntekter blir fordelt til andre kommunar. Alt etter løysing vil årlege tap av inntekter variere mellom 26,9 til 32,9 mill.kr. basert på 2018 rekneskapstal, og fort 2-3 meir basert på 2019 budsjett. Kraftinntektene utgjer mellom 15-20% av kommunen sine samla driftsinntekter. For ein liten kommune – er dette vesentleg inntekter, og tap om utvalet sitt framlegg vert ein realitet, vil få store konsekvensar for kommunen sitt tenestetilbod.

Kommunen sine inntekter frå konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er nedfelt i dei gitte konsesjonar som eit grunnvilkår og med same varighet som konsesjonen. Utvalets forslag om å avvikle ordningane vil vere eit brot på dei føresetnadene som vart lagt til grunn for dei gitte konsesjonar, og dermed eit brot på den samfunnskontrakt som over generasjonar er inngått mellom storsamfunn og dei distrikt som har avstått sine naturressursar. Ei slik avvikling vil og vere i strid med Grunnloven sine forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft.

Utvalet sitt forslag om at eigedomsskatten skal baserast på skattemessig verdi er i strid med eigedomsskattelova hovudregel i § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal tilsvare anleggets omsetningsverdi (marknadsverdi).

Og ein stussar på når utvalet har gått utover sitt mandat, at dei ikkje og har sett på utbytte og eigarskapet sine verdiuttak frå kraftbransjen, som utgjer vesentlege verdiar.

Både ny vasskraftutbygging og rehabilitering av eldre verk er avhengig av lokal aksept. Dagens kraftskatteregime er basert på at kommunar som avstår sine naturressursar har eit legitimt krav på en del av den verdiskapinga som dei berørte lokalsamfunn bidrar med i kraftutbygginga. Utan lokale inntekter vil kommunane sine motstand mot dei inngrep vasskraftkraftutbygginga representerer auke, og viser i denne samanheng til aksjonar/motstand mot vindkraft i vår region.

Utover det som er tatt inn i høyringssvaret vårt, viser Masfjorden kommune til og **støttar fullt ut LVK sin høyringsuttale**. Masfjorden er vertskommune for ein stor del av BKK sine anlegg og støttar også deira høyringsuttale fullt ut.

Med helsing

Karstein Totland  
Ordfører

